



Holon arkitektur AS  
Kanalveien 11  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/32 - 20/5380

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
30.01.2020

## Ferdigattest - gbnr 323/68 Meieri bygget ombygging Frekhaug

### Administrativt vedtak. Saknr: 126/20

**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Magdalena Konopka  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for ombygging av Meieri bygg til ungdomsklubb, kafe og konsertsal på gbnr 323/68. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 18/2355 DS 285/2018 datert 24.10.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottaken 30.01.2020.

### Skildring

Adresse:	Havnevegen 68 5918 Frekhaug
Bygningstiltak:	Ombygging av meieri til ungdomsklubb, kafe og konsertsal
Bygningsnummer:	175998411
Bruksareal:	414 m2
Avlaup:	kommunalt

Vatn:	kommunalt
Tal på røykløp:	0

### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følger av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/32

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Søknad om ferdigattest - gbnr 323/68 Frekhaug  
Vedlegg G1 - Gjennomføringsplan ver. 6

### Kopi til:

Alver kommune

Havnevegen 5918  
41A

FREKHAUG

Magdalena Konopka  
Nordhordland og Gulen  
interkommunale branntilsyn  
Ronny Landaas

**Mottakarar:**  
Holon arkitektur AS

Kanalveien 11 5068

BERGEN